


PERSPEKTIV PÅ INNKJØPSFONDET FOR NORSK KUNSTHÅNDVERK

Av Ida Haugland





Då kunsthåndverket fekk sitt eige innkjøpsfond, var lykka stor. Endeleg hadde fagfeltet ei innkjøpsordning som kunne bidra til å bevare både historien og samtida til kunstforma. Fondet sitt mandat er å bygge og vise ei samling av kunsthåndverk fordelt i dei tre norske musea for kunsthåndverk, som både representerar og dokumenterer tendensar i det norske kunsthåndverksfeltet. Det er difor eit viktig – og mektig – organ. Korleis arbeider fondet for å finne og velge ut norsk kunsthåndverk, og korleis representerer dette utvalget kunsthåndverksfeltet i dag?

INK som fagleg diskusjonsforum

Norske Kunsthåndverkeres fond for innkjøp av norsk kunsthåndverk fra samtiden (INK) oppstod som resultatet av to separate framstøt mot Kulturdepartementet, eitt frå organisasjonen Norske Kunsthåndverkere og eitt frå kunstindustrimusea i Trondheim, Bergen og Oslo. Både kunsthåndverkarar og museum hadde lenge ønska avsette midlar til å kjøpe inn kunsthåndverk til musea, og fekk i 1990 gehør hjå Kulturdepartementet. Departementet slo saman initiativa frå kunsthåndverkarane og musea til det som blei Innkjøpsfondet, som eigentleg ikkje er noko *fond*, men ei fast årleg bevilgning til innkjøp av norsk kunsthåndverk.

Fondet har sju medlem. Kvart museum har ein representant, som har fast plass i fondet (så lenge ar-

beidsgjevaren finn det teneleg). I tillegg vel Norske Kunsthåndverkeres Landsmøte fire representantar frå den utøvande delen av kunsthåndverksfeltet. Desse kunsthåndverkarane blir valde for fire år, med nyval av to representantar kvart andre år.

I samtale med både medlem i fondet og andre aktørar, kjem det klart fram at fondet i utgangspunktet blir oppfatta som ein styrke, og det er brei semje om at fondet er eit positivt bidrag til kunsthåndverksfeltet.

– Fordelinga i fondet, mellom faste museumsrepresentantar og dei fireårig engasjerte kunstnarane, gir både stabilitet og fleksibilitet, og sikrar eit dynamisk forum, seier nåværande leiar av Innkjøpsfondet, Nanna Melland.

Også Widar Halén, avdelingsdirektør for kunsthåndverk og design ved Nasjonalmuseet, og tidlegare medlem av fondet, understrekar samansetjinga på positivt vis:

– Samarbeidet innad i fondet er spesielt, og er med på å bygge opp kunsthåndverket som felt. Fondet er faktisk unikt på verdsbasis, meiner Halén, og Melland utdjuper:

– Fondet er unikt nettopp fordi musea og kunstnarane arbeider tett gjennom samtale og diskusjon. Dei reiser rundt i heile landet for å sjå og oppleve kunsthåndverk. Årleg besøker fondet ca. 130 utstillingar, seier Melland.

Innkjøpskriterium

For å skaffe seg oversikt over kva som rører seg i feltet og deretter kunne ta velbegrunna val om innkjøp, er

medlemma i INK altså avhengige av å besøke eit stort antal utstillingar. Førstekonservator ved KODE og medlem i fondet, Anne Britt Ylvisåker, legg vekt på at kriteria for innkjøp naturleg nok vil endre seg over tid, i pakt med endringane i feltet.

– Vi diskuterer kva verk vi synast representerer kunsthåndverksfeltet på ein best mogleg måte der og då. Og vi drøftar verka frå fleire sider, eller fleire sett med kriterier, om ein vil. Fondet kan stå overfor svært gode verk som likevel ikkje blir innkjøpte, av di vi ikkje kan finne nokon direkte relevans til kunsthåndverket.

Nanna Melland utdjuper Ylvisåker si utsegn:

– Det er ein styrke i diskusjonen at kriteria varierer, fordi veldig faste kriterier lett ville stått i vegen for den levande diskusjonen og utviklinga som ligg i ein open og nyttig fagsamtale, meiner Melland.

– Det styrkar den faglege samtaleforma at fondet jamnleg har utskiftingar av medlem. Nye blikk på utstillingane som skal vurderast er forfriskande og givande.

Det er altså den faglege diskusjonen og den direkte opplevelsen av kunsten i visningsrommet som er viktig når INK skal utøve mandatet sitt.

Oppsummert kan ein seie at kriteria for innkjøp ligg i at alle medlemmane får bidra med sin faglege kompetanse når dei gir innspel i diskusjonen, og at ein trekkjer konklusjonar og gjer innkjøp på bakgrunn av dette. Faste kriterium vil kunne skape stagnasjon og vere ein hem-

mande faktor for eit felt i utvikling. Likevel er det stemmer innad i fagfeltet som meiner at fondet ikkje famnar alt, eller at perspektiva på kunsthåndverket ikkje tek omsyn til alt som rører seg i feltet. Korleis ein argumenterer handlar ofte mykje om kva for mandat ein har i fagfeltet. Men er det slik at medlemmane prioriterer eller argumenterer ulikt innad i fondet?

Ulike hattar

– Medlemmane i fondet har på seg ulike hattar når dei diskuterer innkjøp. Musea sine tilsette har fagansvar for større deler av musea sine samlingar, og vil sjølvsagt ha dette i bakhovudet når dei diskuterer kva for verk som bør kjøpast inn, forklarar Ylvisåker.

– Tanken om kva som finst i samlinga frå før, og korleis denne kan utviklast, vil alltid vere viktig for dei. Kunsthåndverkarane i fondet treng på si side ikkje ta stilling til det når dei vurderer innkjøp. Dei bidreg frå ein annan ståstad, med fagkompetansen og materialkunnskapen, noko som gjev verdifulle innspel i diskusjonen, utdjupar ho.

– Det er eit oppdrag dei gjer med audmjukheit og stort alvor, seier Melland (som sjølv er utøvar) og understrekar saman med Ylvisåker at ein ikkje kan foreta innkjøp med mindre det er semje mellom medlemmane i fondet.

– Innkjøp blir ikkje vedtatt gjennom avstemming, men ved *semje*. Ingen medlem har nokon sterkare vetorett »

enn andre, meiner Melland og Ylvisåker.

Difor er vegen fram til vedtak ofte tidkrevjande, men det er nettopp her styrken til fondet ligg.

Balansegang

Med direkteløyvingane kan fondet kjøpe inn mykje i forhold til det kvart enkelt museum kan med eige midlar. Det vil seie at museumssamlingane i stor grad blir bygd på vala gjort av Innkjøpsfondet. Direktør ved Nordenfjeldske Kunstindustrimuseum, Åshild Adsen, meiner at sjølv om vala fondet gjer er velbegrunna basert på god fagkunnskap, viser dei samla innkjøpa at det blir lagt for stor vekt på å bevare, framfor andre funksjoner ei samling skal ha:

- Dette utelèt til dømes innkjøp av temporære og stadsspesifikke verk. Musea har sjeldan nok pengar til å kjøpe inn desse på eige budsjett. Dermed går musea glipp av mykje verdifull kunst som ikkje er meint for evig bevaring, seier Adsen, og foreslår:

- Kanskje kunne ein forsøkt seg med nokre nye prøveordningar i INK, der fondet fordeler nokre av midla ut til musea. Då ville det store spekteret av kunsthandverk kunne kome enno betre fram, meiner ho.

Som varamedlem i fondet, har Adsen eit blick på fondets kriterier både innanfrå og utanfrå, som direktør.

- Det er ingen tvil om at INK bidrar positivt til feltet og samlinga, og at arbeidet dei gjer med dei øymerka midla, er viktig. Men fondet har ein veg å gå når det gjeld å ta inn alle impulsar frå feltet, ifølge Adsen.

Det er naturleg at musea sjølv ønskjer å kunne bestemme rundt ein større del av eiga samling og program, og fleire meiner dette ville styrka dei ulike musea sine visningsprogram. Likevel kan det å gi eit større ansvar til kvart enkelt museum gjere at ein mistar den raude tråden som fondet har fått i oppgåve å halde i. Korleis desse administrative nivåa kan balanserast, er ofte diskutert i fagmiljøet.

Eit kapasitetsspørsmål

Eit anna sentralt diskusjonsemne er musea sin kapasitet til å vise alt som blir vedtatt å kjøpe inn til samlingane. Alle kjøp er sjølv sagt vist på INK og musea sine nettsider, men i samtale med museumstilsette, kjem det fram at fleire innkjøpte verk blir ståande på hyllene til dei ulike musea. Widar Halén påpeikar i denne samanhengen:

- Nei, ikkje alt blir vist. Men musea si oppgåve handlar òg om å samle og bevare.

Diskusjonen som Adsen presenterer, handlar mykje om kva den største delen av løyvinga skal gå til, eller korleis pengane skal forvaltast mest hensiktsmessig. Ein programansvarleg på museet vil ofte legge mest vekt på kva som til ei kvar tid skal visast, og kanskje dernest prioritere samlinga til museet. Har ein bevaring i fokus, vil samlinga og dokumentasjonen ofte få førsteplass. Ein kunsthandverkar vil kanskje heller ha det enkelte verket sitt materiale, innhald og autonomi i fokus, utan å nødvendigvis tenke like mykje på samlingane og forholda i dei ulike institusjonane. Desse prioriteringane treng ikkje nødvendigvis å handle om kva ein synast er viktigast, men korleis ein best kan forsvare sitt eige mandat eller stilling når det gjelder kunsthandverket. Og ofte blir summen kvalitativt betre av at slike ulike perspektiv finst – både innad i eit fond eller mellom eit fond og det samla fagfeltet.

Diskusjon og konsensus

Alle bidraga til diskursen er eit teikn på eit brennande engasjement for å vise det ypparste Noreg har av kunsthandverk, frå ulike perspektiv og med ulike prioriteringar. I tillegg viser dei at kunsthandverket har blitt eit større og meir mangfaldig felt; diskusjonen har gått frå å argumentere for kvifor kunstformen skal ha ein autonom plass innanfor den visuelle kunstarenaen, til å handle om kva for kvalitetar ved kunsthandverket ein skal trekke fram. I denne utviklinga er det naturleg at fleire og ulike stemmer gjer seg gjeldande.

Som avslutning kan det lett konkluderast med det alle dei spurde nemner: Samarbeidet som INK representerer, er eit heilt unikt bidrag til kunsthandverksfeltet, både fagleg og økonomisk. Det framstår som ein miniversjon av diskursen om kunsthandverket og minner oss på at ulike perspektiv og stemmer finst i fagfeltet også utanfor fondet. Her er ofte diskusjon og usemje oppfatta som viktige bidrag, fordi det nettopp er dette som bidreg til utvikling. Såleis kan ulike meiningar om korleis fondet kunne arbeida, oppfattast som eit sunnheitsteikn. Og midt i desse meningsutvekslingane, seier både Ylvisåker og Adsen: Det hadde vore kjedeleg om det var konsensus om alt! ■



NKD

Nordisk Kunstnarsenter Dale

Open Call AIR 2018

Søknadsfrist er 15. mars 2017
Søknadskjema er tilgjengeleg frå 15. januar 2017
For utlysing gå til www.nkdale.no